

REFERAT

frå møte fredag den 21. februar 1997, mellom grunneigarar i Kjevikdalen og NGIR.

Til stades:

Frå grunneigarane: Lorentz Kjenes, Vigeik Skodvin, Audun Kvamme, John Nesse, Arne Tomasgard og Kåre Låstad.

Frå NGIR. Jens Bjordal, Harald Johansen

Møtet var kome i stand for å drøfta reguleringsplanen og kjøp/sal av tilleggsareal til avfallsanlegget.

Når det gjeld arealet ved sjøen, som er avsett til plass for reinseanlegg, vart partane samdt om å utsetje kjøp/sal inntil det vart nærare avklart kor stort areal eit reinseanlegg hadde trong for. Arne Tomasgard og Kåre Låstad, som kun hadde areal ved sjøen, forlet møtet då deira areal ikkje vart med i denne omgang.

På vegne av grunneigarane, la Lorentz Kjenes fram erstatningskrav for grunn og ulempe på kr. 20,- pr. m².

I skrivet er det vist til ulemper ved salet:

- ☞ Fordyrar opparbeiding av skogsvegar.
- ☞ Vil ikkje få tilskot til opparbeiding av skogsveg p.g.a. for lite hogstkvantum/areal.
- ☞ Vanskelegare å driva tømmeret ut.

Det vart og sett spesielle krav til kjøper:

- ☞ Ein del av kjøpesummen må vera ulempeserstatning.
- ☞ Kjøpar skal ta alle utgifter i samband med kjøpet.
- ☞ Kjøpar skal også ta utgiftene med vurdering av ulempeserstatninga.
- ☞ Prisen pr. m² må vera godkjent av grunneigarane før arbeidet tek til på arealet.
- ☞ Ein avtalt del av den totale kjøpesum må vere utbetalt før arbeidet tek til.

Partane vart samdt om at Johansen tar kontakt med skogetaten i Lindås eller Meland for å få utført ei vurdering av ulempene for grunneigarane ved sal av areal til NGIR. Audun Kvamme vart valt til å vera kontaktperson for grunneigarane ved skjønsvurderinga.

Saka vert å leggja fram for styret i NGIR til vurdering den 11.mars 97.

Kjevikdalen 24.02.97


Harald Johansen
sekretær